

Til topps i Vis med avis



VINNARKLASSEN: 7. klasse ved Hordabø skule svarte mest rett på 20 spørsmål om det som er på dagsorden. Trine S. Kvalheim, Antoanette Villanueva, Rikke Marøy, Anette Helland Bø, May Helen S. Kvalheim, Elvir Muratovic, Per Martin Bø, Christian L. Soltvedt og Warawit Jitsue omkransar kontaktlærer Marit Hopsdal.

RADØY: 7. Klasse ved Hordabø skule stakk av med sigeren i kampen om å få med seg mest mogeleg nyhende i løpet av ei veke.

GRO ANETTE FANEUST

Etter å ha bytta norskpensum ut med avislesing ei veke har 7. klassingane ved Hordabø skule fått med seg mykje av det som skjer lokalt og i resten av verda. Av skulane som deltok lokalt var

det Hordabø-elevane som fekk med seg mest syner prøven som vart avlagt etter ei veke med avislesing. 20 spørsmål om det som føregår lokalt og nasjonalt var tema for prøven.

- Det er litt overraskande, men veldig kjekt, seier Christian Litleskare Soltvedt når Nh kjem innom med premien på 1500 kroner til klassen. Han synest det var heilt greitt å byta ut norskundervisning med avislesing.

Ikkje så vanskeleg

May Helen S. Hopsdal, som også går i vinnarklassen, seier

det har vore eit nyttig og spennande prosjekt.

- Eg les av og til i avisa til vanleg også, men eg synest det var kjekt å få med meg meir av det som skjer. Vi har diskutert nyhendene på skulen, så det var ikkje så vanskeleg når vi fekk prøven, forsikrar ho.

Kva elevane skal bruka pengane til har dei ikkje bestemt, men forslag om bytur med pizza og kino kom raskt på bana. Prosjektet er eit samarbeid mellom Mediebedriftenes Landsforbund, Avis i skulen, dei lokale avishusa og skulane.

Faksimile Nh, 9. april 2011